

I politikaropplæringa vart vi minna på at vi tener innbyggerane og særinteresser for privat vinning. Og for å unngå totalt anarki av private særinteresser – må vi finne desse rollene våre – mellom innbyggerane som vi skal hjelpe og tene på eine sida – og myndigheitene på den andre.

Om hjelpekunsten

Av Søren Kierkegaard

- 1 Hvis det i sannhet skal lykkes å føre et menneske hen til et bestemt sted, må man først passe på å finne ham der hvor han er og begynne der.

- 2 Dette er hemmeligheten i all hjelpekunst. For å kunne hjelpe en annen, må jeg forstå mer enn ham, men dog først og fremst forstå det han forstår.

- 3 Når jeg ikke gjør det, så hjelper min merforståelse ham slett ikke. Vil jeg likevel gjøre min forståelse gjeldende, så er det fordi jeg er forfengelig og stolt, så jeg i stedet for å gavne ham egentlig vil beundres av ham.

- 4 Men all sann hjelpekunst begynner med en ydmykelse. Hjelperen må først og fremst ydmyke seg under den han vil hjelpe, og derved forstå at det å hjelpe ikke er å herske, men å tjene.

- 5 Dersom du ikke kan begynne således med et menneske at han kan finne en sann lindring i å tale med deg om sin lidelse, så kan du heller ikke hjelpe ham. Han lukker seg for deg, han lukker seg inne i sitt innerste – og prek du så for ham...

I første verset til Kierkegaard må vi altså plassere oss der innbyggerane er for å forstå det han forstår. Dei som ikkje gjer dette vert i tredje vers minna på at då er *jeg forfengelig og stolt*, og i staden for å *gavne ham – egentlig vil beundres* av ham.

Det er jo berre maktpersonar som helst vil beundrast utan å tenke så mykje på å hjelpe – og desse blir som regel avsett av folket i den politiske domstolen – riksrett.

I fjerde vers skriv Kierkegaard at all sann hjelpekunst begynner med en ydmykelse. *Hjelperen må først og fremst ydmyke seg under den han vil hjelpe.*

Då må vi tilbake i første vers, og finne oss sjølve som politikarar eller myndigheitspersonar og administrasjon *saman* dei vi skal hjelpe. Eg lurar på om det er ei synfaring.

Vi skal altså finne oss sjølve *under* innbyggjarane. Vår hjelp gjennom lover, reglar og tolkingar og meiningar skal forstås slik at det å hjelpe *ikke er at herske, men å tjene* innbyggjarane.

Til slutt, i Kierkegaard sitt femte vers kjem en advarsel. Dersom du ikkje kan begynne således med et menneske – altså innbyggjaren – at han kan finne *en sann lindring i å snakke med deg om sin lidelse, så kan du heller ikkje hjelpe ham.* For det som skjer då er at han *lukker seg for deg – han lukker seg inne i sitt innerste* – og korleis skal vi få tjene han då? Eller kva skjer då?

Då kan vi ikkje tene innbyggjaren, og vi får ikkje *føre eit menneske hen til eit bestemt sted*, slik som Kierkegaard opna med. Dei vil protestere – og sjølv sagt sende inn ei klage.

Der er ei spenning mellom innbyggjaren sin fridom og samfunnet sine krav. Skal innbyggjarane ha full fridom, vil vi få anarki – men vert samfunnet sine krav og reglar for strenge, vil staten og myndigheitene vere ein tyrann. For å finne ein gyllen middelveg mellom det radikale anarki og det konserverande, undertrykkande tyranni, tyr vi det gamle demokratiet. Der forholdet mellom administrasjonen, myndigheitene og innbyggjarane skulle regulerast i politikken (noko radikalt nytt) - som vart utvikla (eigentleg for lenge sidan) av Sokrates. Han lærte oss å *overbevise* deltakarar i debattar, ikkje å *overtale* dei gjennom fordomar. Ein skulle legge fram bevis – og ikkje halde tale for talen si skuld. Men Sokrates vart dessverre avretta av den nye administrasjonen som meinte han forleda ungdomen til å setje seg opp mot reglane til elitestyret – eller som dei kalla *aristokrati*. Dei fann seg ikkje i folkestyre, som dei kalla *demokrati*. Demos tyder folk, og krati tyder styre. Folkestyre.

Han Kierkegaard las både Staten av Platon og skodespela av Sokrates. Det gjorde også Sverdrup og Bjørnstjerne Bjørnson som stilte Regjeringa og Embetsmannstanden for riksrett i 1884 og vann saka om møteplikt i Stortinget og innførte dermed Folkestyre og understreka at ein Rettstat var for innbyggjarane – som slik vart stilt *over* myndigheitene.

Riksretten var folkets domstol, ein politisk domstol. Vi har fått eit deliberalt demokrati som bygger på ytringsfridom, eigedomsrett, politisk fridom og likestilling – og nyttar debatt, medverking og høyringsinstituttet som viktigaste verkty for å sikre rettstaten.

Oppdraget her var å finne ut kva vi kan gjere for å få betre kommunikasjon, og debatt eller dialog mellom folk, politikarar og myndigheit. Og det skal vi vel debattere no etterpå, så dette får vere ei slags innleiing til det.